



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kari Elster Moen, 5557 2370

Vår dato
07.04.2014
Dykkar dato
06.03.2014

Vår referanse
2014/3666 421.3
Dykkar referanse
14/1105

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale til dispensasjonssak - Meland - Gnr 14 Bnr 1 - Erstad - Frådeling av to parseller

Fylkesmannen viser til søknad om frådeling av to parsellar frå gnr. 15 bnr. 1 på Erstad. Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen.

Dei to parsellane det er søkt om er på 1,7 dekar kvar, til saman 3,4 dekar. Dei skal nyttast til bustadføremål. Den eine parsellen ligg delvis innanfor LNF-område der det er tillate med spreidd bustadbygging (LNF-ja). Den andre parsellen ligg innanfor LNF-område der det ikkje er tillate med bustadbygging. Frådelinga vil medføre omdisponering av overflatedyrka mark, jfr. markslagskartet AR5.

Fylkesmannen ser at det kan vere ønskjeleg med bustadtomter til neste generasjon som kan hjelpe til i drifta på bruket, sjølv om det ikkje er eit argument det kan leggest avgjerande vekt på i ei dispensasjonssak. Vi stiller spørsmål ved storleiken på parsellane ettersom det medfører omdisponering av dyrka mark.

For å avgrense omdisponering av dyrka mark rår i vil til å redusere storleiken slik at ein kan plassere tomtene i og i tilknytning til arealet som er sett av til LNF-ja.

Med helsing

Arve Meidell e.f.
seksjonsleiar

Kari Elster Moen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.